

---

**Fra:** Even Vaular <Even.Vaular@vlfk.no>  
**Sendt:** mandag 21. desember 2020 06:31  
**Til:** Kommunar i Vestland fylke - postmottak  
**Emne:** Utlysing av tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak 2021

Kommunane i Vestland fylke

## Utlysing av tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak 2021

Vestland fylkeskommune lyser med dette ut tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak for 2021. Søk om tiltak på og langs fylkesveg og kommunal veg innan søknadsfristen 1. februar 2021. Det er lagt opp til *ei* tildeling i 2021.

Det er mogleg å søkje om inntil 1 million kroner i tilskot per tiltak. Me tar atterhald om fastsetting av ramma for tilskotsordninga 12. januar, som kan påverka storleiken på tilskota. Hovudutval for samferdsel og mobilitet fattar dette vedtaket.

Det vert prioritert tiltak retta mot mjuke trafikantar, særleg barn og eldre, samt tiltak som reduserer risikoen for møte- og utforkøyringsulykker. Gang- og sykkeltilbod som ikkje ligg langs køyreveg kan også få tilskot. Tiltaka som får tilskot skal innehalde enkle og kostnadseffektive løysingar som direkte medverkar til å auke trafikktryggleiken.

### Viktig å merka seg

Det er krav til kommunal eigendel på minimum 50 prosent. Det er vidare stilt krav til oppdatert kommunal trafikktryggingssplan. Om nye kommunar etter samanslåing har gyldige planar frå dei gamle kommunane, kan dei søkje om tiltak forankra i desse planane. Tiltaka skal vere planavklart på søknadspunktet, dersom tiltaka krev reguleringsplan.

### Søknadsfrist og tildeling

Søknadsfrist er sett til 1. februar 2021. Det er lagt opp til *ei* tildeling. I 2020 vart det to tildelingar, då det var få søkjarar i den første utlysinga. Nye rutinar og retningsliner for tilskotsordninga vil truleg gjera at det vert med denne eine utlysinga i 2021. Tildeling skjer etter politisk vedtak i trafikktryggingssutvalet (FTU) 15. mars 2021. Tilskotet vert først utbetalt når tiltaket er gjennomført og fylkeskommunen har motteke tilfredsstillande dokumentasjon på fullføring.

Tiltaket skal som hovudregel gjennomførast innan utgangen av det året tilskotet vert gitt. Det er likevel høve til å få overført tilskota til påfølgjande år, under føresetnad av at tiltaket er starta opp.

### Meir informasjon

Elektronisk søknadsskjema og meir informasjon om tilskotsordninga finn de på nettsida for ordninga: <https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/trafikktryggleik/fysisk-trafikktrygging/>

Ved spørsmål om tilskotsordninga, kontakt underteikna.

Med helsing

**Even Vaular**  
rådgjevar

seksjon for forvaltning, utgreiing og geodata  
avdeling for infrastruktur og veg



Tlf: 48 89 39 12  
[www.vestlandfylke.no](http://www.vestlandfylke.no)

*Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.*